



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Teknisk utval	05.05.2022	017/22

### Områdeplan for Sætra og Gjørund - utviding av planområdet

#### Innstilling:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vedtek teknisk utval å varsle opstart av utvida areal for områdeplan for Sætra og Gjørund slik det går fram av vedlagt kartutsnitt med revidert planomriss datert 29.04.2022.

#### 05.05.2022 Teknisk utval

Innstilling vart samrøystes godkjend.

#### TU- 017/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vedtek teknisk utval å varsle opstart av utvida areal for områdeplan for Sætra og Gjørund slik det går fram av vedlagt kartutsnitt med revidert planomriss datert 29.04.2022.

#### Vedlegg:

Områdeplan for Sætra og Gjørund - oppstart og høyring av planprogram

Planomriss 12.09.2018

Områdeplan for Sætra og Gjørund - vedtak av planprogram

Planprogram - Områdeplan for Sætra og Gjørund rev. 30.11.2018

Stadanalyse Sætra og Gjørund FINAL

GISLINE

## **Saksutgreiing:**

Komite for miljø og tekniske saker vedtok den 06.09.2018, sak 048/18, oppstart av områdeplan for Sætra og Gjørund.

Området har i gjeldande kommuneplan status som kommunen sitt handelsenter. For å kunne byggje ut området har Statens vegvesen sett krav i kommuneplanen sin arealdel om at krysset på Sætra skal regulerast som eit framtidig toplanskryss. Giske kommune har gjennom fleire rundar med Statens vegvesen ikkje blitt samd om korleis framtidig hovudkryssløysing for Sætra skal bli. For å førebu saka mot eit endeleg vedtak av reguleringsplanen er det naudsynt å sjå på heile riksvegstrekinga over Gjørundet og krysset ned til Gjørundneset. I gjeldande planområde er det ikkje tatt høgde for å ta med tilstrekkeleg areal for ei eventuell omlegging av krysset. Behovet er no tilstades for å varsle eit noko utvida planområde på Vigrasida av Gjørundet.

## **Heimelsgrunnlaget**

Plan og bygningslova kap 12

## **Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektet må tilførast midlar i prosesessen med slutføring av områdeplanen.

## **Vurdering:**

Planprosessen har vist at for å byggje ei framtidig trafiksikker kryssløysing på Sætra er det naudsynt å samtidig sjå på eksisterande kryss til Gjørundneset på andre sida av brua. Det er god grunn til å forvente ein aukande trafikk i dette krysset dei nærmaste åra, både anleggstrafikk og etter kvart trafikk i samband med etablering av nye arbeidsplassar. I dag er Gjørundkrysset eit enkelt t-kryss. Ei eventuell opprydding av trafikkforholda på nordsida av brua vil i første omgang forutsette at ein i områdeplanen har tilstrekkeleg utvidingsareal innafor planområdet. I planomrisset for områdeplanen frå 2018 har ein ikkje tatt med tilstrekkeleg areal for ei eventuell endring av trafikktilhøva her.

Eit revidert planomriss viser eit noko utvida planområde med tilstrekkeleg areal til å utvide krysset til Gjørundneset. Det utvida arealet må varslast for oppstart som del av områdeplanen før ein kan gå vidare i planprosessen.